

ARD AREALPLAN AS
7 etasje Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Dato: 08.03.2017
Vår ref.: 2017/558-5
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Varsel om oppstart av detaljregulering for Fossesjøen - gnr 25 bnr 161,167 - Plan ID 125620150004 - Meland kommune

Vi viser til brev datert 23.01.2017 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Fossesjøen. Hovudføremålet med reguleringa er bustadområde. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustadføremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Friluftsliv

Nytt bustadområde på Fossesjøen vil ligge i nærleiken av eit regionalt viktig friluftsområde omkring Krossfjellet. Ein bør utforme planområdet på ein måte som sikrar god tilgang til friluftsområdet.

Folkehelse og barn og unges interesser

Kompakt og arealeffektiv utbygging gjer at ein kan skjerme kringliggjande grønt- og rekreasjonsområde for utbygging. Samstundes er det viktig å sikre tilbod av grønne lungar og friområde tett ved der folk bur og viktig å ta vare på grønne lungar og uteareal i nærområdet.

Leike- og utopphaldsareal må ha sikker gangtilkomst, gode soltilhøve, vere klimatisk skjerma, vere sikra mot forureining og støy og universelt utforma med gode kvalitetar på materiale. Dei bør vere utforma slik at dei er eigna for leik og opphald heile året og kan nyttast av ulike aldersgrupper.

Planlegginga må ta omsyn til at born i ulik alder har ulik aksjonsradius. For dei minste borna er det viktig med korte avstandar og det bør etablerast nærleikeplass for småborn innan ein avstand på 50 m frå bustaden. Dei litt eldre barna kan kome seg lenger på eiga hand, men aksjonsradius for ein 8-åring er som regel mindre enn 200 meter, og heilt opp til 12 års alder er det naudsynt med areal til leik inna ein avstand på 300 meter frå bustaden.

Klimatilpassing

Endringar i klima med meir nedbør totalt og meir intens nedbør vil auke utfordringar med handtering av overvatn. I større byggefelt og i fortettingsområde vil ofte naturlege avrenningsvegar og vegetasjonsfordrøying bli endra eller fjerna, noko som kan ha stor effekt på mengde overvatn. Det er difor svært viktig at klimatilpassing vert prioritert allereie frå tidleg planlegging, og at det rettas eit særleg fokus

på korleis overvatn skal handteras i planområdet. Fordrøying av overvatn kan inngå i grøntanlegg og bidra positivt til uteromma.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

I samband med oppstart av planarbeid for Fossesjøen gnr. 25, bnr. 161 mfl. i Meland kommune var det i 2011 gjennomført arkeologisk registrering i det aktuelle området. Ved registreringa vart det påvist ein steinalderlokalitet med Askeladden-id 151124. Det ligg også fleire SEFRAK-registrerte bygg og ruinar sør i planområdet. Fire bygningar er eldre enn 1850. Hordaland fylkeskommune ber at det vert tatt omsyn til ovanfor nemnde kulturminne i vidare planlegging.

Då planen har areal i sjø, har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av reguleringa.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune ber om at omsynet til kollektivtransport og tilgjenge til busshaldeplasser blir vektlagt i utarbeiding av planen, og at det blir etablert kontakt mot Skyss i prosessen.

Planarbeidet fokusere på trafikktryggleik og tilbod til mjuke trafikantar. Det må bli vurdert tiltak for å sikre skulebarn trygg skuleveg. Hordaland fylkeskommune ber om at føresegnene kommuneplanen vert innarbeida i reguleringsplanen:

- ✓ *For framtidige og noverande, ikkje utbygde område for bygg og anlegg Fosse – Håtuft – Ådland, må nytt kryss ved Krossnessundbrua vere etablert før det kan gjevast byggeløyve for nye tiltak*
- ✓ *For framtidige og noverande, ikkje utbygde område for bygg og anlegg Fosse – Håtuft – Ådland, må trafiksikringstiltak langs FV 245 vere gjennomført før det kan gjevast byggeløyve for nye tiltak.*

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på friluftsliv, folkehelse, barn og unge, trafikktryggleik, klimatilpassing og kulturmiljø.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland